

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Helse Vest RHF, Stavanger

MØTETIDSPUNKT: 01.11.2023, KL. 0900 – 1400

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Linda Karin Gangstøe	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Geir Arne Sunde	Medlem
Atle Lunde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Bjørn Egil Vikse, fagdirektør
Erik M. Hansen, e-helsedirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 104/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styret vurderte eigen habilitet i høve til saker på dagsorden.

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Styresak 114/23 Samarbeid om ortopedisk kirurgi i Helse Fonna-området (Saka blir behandla under eventuelt.)
- Tidsplan for styremøtet
- Drøftingsprotokoll til sak 110/23 og sak 112/23
- Førebels protokoll frå møte i Regionalt brukarutval 24/10-23

Forfall:

Det var ikkje meldt om forfall til styremøtet.

Saker til eventuelt:

Saka «Samarbeid om ortopedisk kirurgi i Helse Fonna-området» var sendt ut som sak til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 105/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 04.10.23.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 04.10.2023.

Sak 106/23 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Status beredskap

Helse Vest har arrangert ein leiarsamling for leiargruppene i HF-a i saman med Forsvaret i oktober 2023.

Helseberedskapsmeldinga er venta å kome i slutten av november.

6. Bemanning og kompetanse innan sikkerheitspsykiatrien

I styremøte 23.03.2022 ba styret i Helse Vest om at det ved neste gjennomgang av handlingsplan for sikkerheitspsykiatri blei gitt ei orientering til styret om:

- Samansetting av bemanning innan sikkerheitspsykiatrien, inkludert omfanget av ufaglærte
- Vurdering av omfanget av vald og truslar i relasjon til medarbeidarane sin kompetanse

I styremøte 6.september blei det i sak 86/23 drøfta behov for gjennomgang og revisjon av regional plan for sikkerheitspsykiatri utan at punkta over vart inkludert.

Administrerende direktør vil med dette notatet gi ei orientering til styret som etterspurd 23.03.22. Notatet har vore utarbeida saman med helseføretaka i regionen.

Når ein ser samla på bemanningsfaktor, på kompetanse og på førekomst av vald og truslar om vald, er administrerende direktør si vurdering at tenestene er forsvarleg organisert. Det er stor merksemd mot oppbygginga av kapasitet og kompetanse innan sikkerheitspsykiatrien og dette vil bli følgt opp vidare saman med helseføretaka.

7. Orientering om Statsbudsjettet – konsekvensar for Helse Vest

Sjukehusa blir styrka med samla sett 2 178 mill. kroner samanlikna med RNB

- Inkluderer eit effektiviseringskrav på 255 mill. kroner
- Aktivitetsvekst på 1,8 %
- Demografisk behov anslått til 1,5%
- Innafor veksten skal 110 mill. kroner gå til døgnbehandling innan psykisk helsevern for barn og unge og de med alvorlege psykiske lidningar
- Samhandlings- og omstillingstiltak i Helse Nord med 40 mill. kroner

Ventetider i 2024 skal reduserast

Pris- og lønnsjustering med 4,3 %

Det er lagt til grunn at ai rekke varige kostnadsaukar på til saman om lag 340 mill. kroner må dekkast innanfor ramma.

Helseføretaka sine kostnader til Totalberedskapen blir ikkje kompensert.

Styret peika på at det stramme budsjettet vil få konsekvensar for drift og investeringar i helseføretaka og at dette må kommuniserast tydeleg.

Styret var tydeleg på dei ikkje ønskja å redusere investeringane til digitalisering.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 107/23 Rapportering frå verksemda per september 2023

Oppsummering

Målekort Helse Vest - september		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	50	74	50		66	50	
	Ventetid - PHV	40	55	40		50	40	
	Ventetid - BUP	35	59	35		57	35	
	Ventetid - TSB	30	33	30		33	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			14,0 %			14,0 %		
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer								
Korridorpasienter somatikk			1,7 %			1,4 %		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnopphold		14 291	14 764	-3,2 %	122 503	121 895	0,5 %
	Dagopp hold		6 190	6 376	-2,9 %	48 861	48 798	0,1 %
	Poliklinikk		123 198	125 571	-1,9 %	1 057 215	990 108	6,8 %
Psykiatri	Døgnopphold		817	873	-6,4 %	7 278	7 600	-4,2 %
	Dagopp hold		80	132	-39,4 %	764	790	-3,3 %
	Poliklinikk		41 499	46 858	-11,4 %	344 316	364 561	-5,6 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		156	146	6,8 %	1 308	1 081	21,0 %
	Dagopp hold		8	4	100,0 %	35	15	133,3 %
	Poliklinikk		7 261	7 821	-7,2 %	61 836	66 384	-6,9 %
Bemanning	Brutto månedsværk		25 129	24 667	1,9 %	25 140	24 693	1,8 %
	Sykefravær	5,5 %	7,3 %	7,0 %	0,3 %	8,3 %	8,8 %	-0,5 %
Økonomi			Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
	Resultat		62 369	59 539	2 830	147 209	469 484	-322 275

Den gjennomsnittlege ventetida for alle fagområda var på 73 dagar i september, noko som er langt over målet. Ventetid for somatikk, psykisk helsevern vaksne (PHV) og psykisk helsevern barn og unge (BUP) ligg godt over måla på henhaldsvis 50, 40 og 35 dagar. Ventetida for somatikk er auka frå august månad, medan ventetidene for PHV og BUP er redusert samanlikna med august månad. Ventetid for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) ligg på 33 dagar i september, noko som er litt over målet på 30 dagar, og uendra frå august.

Det blir satt i verk ei rekkje ekstra tiltak dei tre siste månadene i alle føretaka for å redusere ventetider inn mot slutten av året.

Helse Vest har i 2023 heldt tilbake 25 mill. kroner som var planlagt brukt til kjøp av private kirurgiske tenester, desse midlane vert fordelt til helseføretaka for målretta tiltak for å auke aktiviteten og redusere ventetider i kirurgiske einingar samt i einingar med lengst ventetider. Det er også auka fokus på god planlegging av bemanning og aktivitet i helseføretaka.

Det er samla sett ei auke i aktivitet frå august til september. Samla sett var aktivitetsnivået høgare i september 2023 enn i same månad i 2019, men noko lågare enn i september 2022.

Resultatet per september er 322,3 mill. kroner dårlegare enn budsjett, men avviket for september er positivt, i motsetting til tidlegare månadar. Dette skuldast eingongs effektar i Helse Stavanger og Helse Fonna. Hovudavvika ligg først og fremst på løn- og personalkostnader som innleige, overtid og vikarar. I tillegg er det lågare aktivitetsbaserte

inntekter samanlikna med budsjett. Auken i den økonomiske ramma frå RNB var ikkje tilstrekkeleg til å løyse utfordringane fullt ut som følgje av løns- og prisveksten i 2022. I tillegg er det utfordringar med å løyse interne forhold i helseføretaka og ikkje minst komme tilbake til “Normalen” som var før pandemien. Den tette dialogen mellom Helse Vest RHF og føretaka når det gjeld den økonomiske situasjonen, ventetider og sjukefråvær held fram. Alle helseføretaka har iverksett ei rekke tiltak, og fleire av føretaka tar no ytterlegare grep på tiltakssida for å få ynskja økonomisk effekt.

Gjennomsnittleg ventetid per oktober månad er 68 dagar. Det er ein knekk i kurven innan psykisk helsevern. Det blir sett inn ekstraordinære tiltak i alle helseføretak for å redusere ventetid.

Styret ba administrasjonen om å komme tilbake med ei utgreiing av ventetid innan BUP.

Styret peika på at den økonomiske situasjonen er svært krevjande og ønskja å flytte økonomisk situasjon fram i rapporteringa frå verksemda.

Styret peika også på at viktigheita av å jobbe med oppgåvedeling, bredding av tiltak som verkar, digitalisering og ta ut gevinstar.

Styret blei orienterte om at Helse Vest IKT AS truleg vil få eit avgrensa negativt resultat i 2023 som ei følgje av auka renter på lån, men vil samstundes ha tilstrekkeleg likviditet i 2023.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 30. september 2023 til vitande.

Sak 108/23 Regional strategi for forskning og innovasjon 2024 – 2030 – dialog

Oppsummering

[Det regionale samarbeidsorganet i Helse Vest](#) har i år arbeidt med eit utkast til en ny strategi for samarbeid om helseforskning og innovasjon for perioden 2024 til 2030 mellom sjukehusa, universitet og høgskuler i regionen.

Strategien er særleg retta mot samarbeidsflaten mellom sektorane og institusjonane og har som mål å styrke det regionale samarbeidet. Å utarbeide ein felles regional forskingsstrategi innan samhandlingsområda forskning, innovasjon og utdanning er nedfelt i [Rammeavtale mellom Helse Vest RHF og utdanningsinstitusjonane i helseregion Vest](#).

Strategien har ei visjon, seks delmål og mellom tre og fem innsatsområde for kvart delmål. I tillegg vil den bli fylgt av ein handlingsplan der konkrete tiltak for kvart innsatsområde og indikatorar for å måla utviklinga er beskriven.

Styret hadde følgjande innspel til Regional strategi for forskning og innovasjon 2024 – 2030:

- Forsking og innovasjon bør vere verktøy for og bidra til å realisere måla i utviklingsplanen vår.
- Forsking og innovasjon er viktig for tenesteutvikling, berekraft, fagleg utvikling
- Forsking og innovasjon skal bidra til å forenkle og effektivisere sjukehusdrift og gi pasientbehandling av god kvalitet.
- Forsking bør vere tett integrert i klinisk verksemd.
- I forskning bør det vere fokus på nasjonalt og regionalt samarbeid, med mål om å lære av kvarandre og bredde løysingar som gir gode resultat.
- Forsking som gir effektar på samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane bør ha prioritet.

Leiar av Regionalt brukarutval orienterte om at utkast til regional strategi for forskning og innovasjon hadde fått tilslutning i RBU.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest gav innspel til ny regional strategi for forskning og innovasjon i møtet.

Sak 109/23 Forprosjekt traumeintensiv og kirurgisk overvaking i Helse Bergen

Oppsummering

Helse Bergen ønsker å bygge traumeintensiv og kirurgisk overvaking med tilknytning til Mottaksklinikken og hovudintensivfunksjonane i Sentralblokk. Prosjektet er kostnadsrekna til 94 millionar kroner og inngår som del av arealdelplanen 2023 – 2027, i utviklingsplan for 2022 -2035 til helseføretaket.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner forprosjektrapport for prosjekt Traumeintensiv og kirurgisk overvaking.
2. Kostnadsramma blir sett til kr 94 millionar kroner, som grunnlag for detaljprosjektering og bygging.
3. Styret legg til grunn at ein i prosjektet tenker berekraft og bruker på nytt så mykje som formålstenleg av bygningsmateriale og utstyr.
4. Det er eit vilkår for godkjenninga at Helse Bergen HF styrer og prioriterer investeringa innafor det tilgjengelege finansielle grunnlaget og gjer nødvendig prioritering av rekkefølga på investeringsprosjekta.

Sak 110/23 Utvikling sjukefråvær

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Vedlagt kunnskapsrapport peikar på trendar, handlingsrom og tiltaksområde.

Sjukefråværet endrar seg over tid, men har gjennom pandemien og post-pandemien festa seg på eit vesentleg høgare nivå enn for dei beste åra sidan helseføretaksreforma i 2002.

Samanlikning av sjukefråværet i 2023 med åra som er prega av pandemien kan vere lite hensiktsmessig. Vi har derfor vald å samanlikna sjukefråvær for 2023 med 2019 og for delar av materialet som går fram av vedlagte rapport i eit lenge perspektiv. Det bør vere eit mål at sjukefråværet som hadde god utvikling i åra før 2019 bør vere målet som bør vere mogleg å nå. Dei regionale måla for sjukefråvær bør framleis oppretthaldast.

Pandemien har påverka sjukefråværet for alle yrkesgrupper. Særleg høgt sjukefråvær i periodar har i stor grad følgt smittetrykket elles i samfunnet. I den første perioden av pandemien var smittetrykket i befolkninga lågare enn i siste del av pandemien, men ved inngangen til pandemien var det stor usikkerheit, strenge krav til karantene som førte til meir enn 4 000 tilsette i karantene/med sjukefråvær. Det er derfor viktig å vise utviklinga over noko lengre tid.

Det er viktig å påpeike at sjukefråvær i prosent alltid vil vere høgare i ferieperiodar, sjølv om tal fråværsdagar er lik. Det skuldast ikkje at det i ferieperiodane er fleire sjukefråværsdagar, men moglege dagsverk i nemnar er vesentleg lågare

Det er mange lovfesta ordningar for fråvær i tillegg til det som er avtalt mellom partane i tariffavtalar. Det totale fråværet er derfor vesentleg høgare enn samla sjukefråvær. Det er summen av alt fråvær leiarar skal handtere.

Eit lågare sjukefråvær kan gi gode bidrag til arbeidsmiljøet og HMS arbeidet, i tillegg til at det kan gi auka fagleg kapasitet, mellom anna unngå bruk av forskyving, overtid og meirarbeid som har ein vesentleg kostnad i helseføretaka. Det kan og bidra til gode og føreseielege pasientforløp med kortare ventetid, færre fristbrot, kvalitet og pasienttryggleik. For den einskilde medarbeidar, teamet og arbeidsmiljøet vil et lågare sjukefråvær bidra til kontinuitet og god fordeling av oppgåver. Eit særleg viktig moment er og den verdien det kan bidra til for den einskilde medarbeidar.

Helseføretaka har av alle desse effektane betydeleg søkelys på den gode effekten av redusert sjukefråvær. Det er mellom anna eit av fleire konkrete tiltak for å redusere mange av utfordringane helseføretaka står overfor i 2024, og åra framover. Høgare grad av å nærvær er eit godt arbeidsfellesskap. Å vere ein del av eit godt arbeidsmiljø i seg sjølve er

helsefremmande. For dei av våre medarbeidarar som har alvorleg langvarig sjukdom skal oppleve at dei blir sett, følgt opp og har ein sosial tilknytning.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok rapporten til vitande og påpeika at dei regionale måla for sjukefråvær skal vidareførast.
2. Styret ber administrerande direktør bidra til å dele kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i det vidare arbeidet.
3. Styret ber føretaka leggje fram rapporten for sine respektive styre.

Sak 111/23 Leiinga sin gjennomgang 2023

Oppsummering

Helse Vest RHF har gjennomført Leiinga sin gjennomgang 2023.

Følgjande område har blitt gjennomgått:

- Samfunnsansvar (tidlegare «Klima og miljø»)
- Kvalitet og pasienttryggleik
- Beredskap og sikkerheit
- Informasjonssikkerheit og personvern
- Arkiv og dokumentasjon
- Kjøp av private helsetenester (første gjennomgang i 2023)
- Avtalespesialistar (første gjennomgang i 2023)
- Analyse (første gjennomgang i 2023)
- Kommunikasjon (første gjennomgang i 2023)

Leiar av Regionalt brukarutval peika på at brukarutvalet gjerne ville hatt brukarmedverknad som eit område i leiinga sin gjennomgang, med vurdering av om brukarmedverknad er tatt i bruk i samsvar med lovverket om leing og kvalitetsforbetring.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok Leiinga sin gjennomgang 2023 til orientering.

112/23 Revisjon av rettleiar for tidlegfase i Sjukehusbyggprosjekt

Sak var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Saka var felles for alle fire helseregionar, og var difor ikkje skriven på nynorsk.

Oppsummering

Bruken av «Veileder for tidligfasen i byggeprosjekter» er gjort obligatorisk for alle investeringsprosjekter over 500 millioner kroner gjennom vedtak i foretaksmøter i de regionale helseforetakene. Veilederen har vært i bruk siden 2011.

I oppdragsdokumentet for 2022 ble Sykehusbygg bedt om å oppdatere «Veileder for tidligfasen i sykehusprosjekter». Behovet for revisjon var blant annet begrunnet med at det har kommet ny standard for klima og miljø og veileder for sikring av bygg og infrastruktur.

Styret pekte på at veilederen også bør brukes ved prosjekter med kostnadsramme under 500 millioner kroner.

Prosedyre for investeringsprosjekt som styret i Helse Vest RHF vedtok i april 2022 Sak 049/23 må oppdateres i samsvar med denne veilederen.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner revidert Veileder for tidligfasen i sykehusbyggprosjekter.
2. Veilederen erstatter gjeldende Veileder for tidligfasen i sykehusbyggprosjekter (benevnt Veileder for tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter i gjeldende veileder).
3. For pågående byggeprosjekter skal den reviderte tidligfaseveilederen tas i bruk fra nærmeste påfølgende fase, tilpasset det enkelte prosjekts behov og innhold.
4. Styret gav administrerende direktør fullmakt til å slutføre veilederen.

Sak 113/23 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Regionalt brukarutval er opptekne av dei same sakene som styret:

Økonomi, ventetid. Psykisk helsevern, utvikling personell og brukarmedverknad.

Oppfølging av internrevisjonen sin rapport om brukarmedverknad i helseføretaka blir viktig. Rapporten kjem til styret i desember 2023.

RBU opplever at dei har god dialog med styret og administrasjonen.

RBU ønskjer å stramme opp referata frå RBU-møta, legge inn tydelege konklusjonar/vedtak og leggje fram førebels referat frå sist møte under skriv og meldingar til styret.

Når Regionalt brukarutval har kommentarar/innspeil til saker som skal behandlast i styret, kan RBU sende inn notat/brev som vil bli lagt under skriv og meldingar til styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 114/23 Eventuelt

114/23 Samarbeid om ortopedisk kirurgi i Helse Fonna-området

Oppsummering

Som ei oppfølging av sak 13/23 «Status for omlegging av revmatologitilbodet» til styret i Helse Vest i februar 2023, har det blitt gjort ei vurdering av ortopedi-tilbodet i Fonna regionen. Meir spesifikt har ein sett på om den samla kapasiteten til planlagde operasjonar for hofte- og kneprotesar i Helse Fonna-området kan nyttast betre, til beste for pasientane.

Administrerande direktør ønskjer derfor å legge til rette for at Helse Fonna HF og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus (HSR) inngår eit samarbeid om å nytte den eksisterande kapasiteten til leddprotesekirurgi i Helse Fonna-området på ein samordna måte. Formålet med ei samordning er gjennom betra samarbeid å auke talet på operasjonar for hofte- og kneprotesar og redusere ventetidene i Helse Fonna-området.

Den auka kapasiteten for proteseoperasjonar ved HSR skal vere til nytte for pasientane både frå Fonna og Stavanger regionen i 2 års perioden. Pasientane skal rettighetsvurderast i Helse Fonna HF eller i Helse Stavanger HF, men skal kunne få tilbod om operasjon ved HSR. Detaljer om organiseringa av dette skal gå fram av Bestillingsdokumentet til HSR.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Skriv og meldingar

Skriv 01 - Referat frå RBU 30.08.2023

Skriv 02 - Referat frå RBU 27.09.2023

Skriv 03 - Høyringssvar frå Helse Vest RHF - NOU 2023: 17 «Nå er det alvor»

Brev til styret om avtalen med Rehabilitering Vest

Skriv 04 - Brev frå brukerutvalet Rehabilitering Vest 14.09.2023

Skriv 05 - Brev frå Liv Marit Hjetland 19.09.2023

Skriv 06 - Brev frå Brukerhuset for Helse Fonna regionen 26.09.2023

Skriv 07 - Brev frå FFO Rogaland 26.09.2023

Skriv 08 - Brev frå Revmatikerforbundet 02.10.2023

Skriv 09 - Brev frå Næringsforeningen Haugalandet 02.10.2023

Skriv 10 – Førebels referat frå møte i Regionalt brukarutval 24.10. 2023

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 01.11.2023 Torunn Nilsen

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Geir Arne Sunde	Medlem
Linda Karin Gangstøe	Medlem